

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Dato	06.03.2023
Vår referanse	2021/60165-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

## Uttale - Begrensa høyring - detaljreguleringsplan - Ytre Eidsnes - gnr. 215 bnr. 2 mfl - PlanID 46312020004 - Alver kommune


Vi viser til brev frå Alver kommune med begrensa høyring for detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. Med planID 46312020004.

Det er gjort nokre mindre endringar i planen etter tilbakemeldingar som kom inn etter offentleg ettersyn og høyring.

### Vår vurdering

Alver vurderer at endringa som er mest aktuell for Vestland fylkeskommune er at det er lagt inn eit areal for renovasjon i planen. Arealet ligg innanfor byggegrensa på 15 meter frå vegmidte. Det er tenkt som eit planert område for oppstilling av renovasjonsdunkar. Arealet er plassert utanfor siktssona, då det kan hindre sikt i periodar.

Vi er positive til at areal for renovasjon vert lagt utanfor siktsona. Vi meiner likevel at det må sikrast at det er dette avsette arealet som vert brukt til oppstilling for renovasjonsdukane slik at dei ikkje hamnar i siktsona. Dette kan eventuelt løysast med nivåforskjell mellom f\_RA og o\_AVG. Utforminga bør takast med i føresegna til arealet.



Utsnitt frå revidert plankart datert 09.02.2023 og utsnitt frå C-teikning datert 16.02.2023

I uttalen vår datert 10.12.2021 bad vi om nye teikningar for avkøyrsla til fylkesveg blant anna fordi vi meinte at svingradius var for liten. Vi ser no at det reviderte plankartet no visar svingradius 5,5 i retning venstre ut av avkøyrsla og svingradius 4 i retning høgre.

Vi er positive til at dei nye teikningane viser ei betre utforming av avkøyrsla. Men vi meiner framleis at avkøyrsla til fylkesveg skal vera godkjent før det vert gjeve igangsetjingsløyve. Vi skreiv under vår merknad om rekkefølgekav:

*«Her må det leggest inn eit punkt om at avkøyrsla skal vera godkjent av vegmynde før igangsetjingsløyve for ny bygging i planområdet.» i uttalen av 10.12.2021.*

I merknadsskjema står det at dette er tatt til følgje, og § 5.2.2 er justert til:

*«For alle nye bustader innanfor planområdet må det ligge føre godkjent teknisk plan for veg , vatn og avløp før det kan gjevast IG. Det er kommunen og aktuell vegmynde som skal godkjenne dei tekniske planane.»*

Vi meiner det nye rekkeføljekravet ikkje tek heile merknaden vår til følgje, vi meiner at avkøyrsla må vera ferdig utbetra og godkjent som ein del av rekkeføljekravet før det kan gjevast IG for bygging av nye bustadar.

Vi har ikkje merknadar til revidert plan utover dette.

Med helsing

**Mats Korneliussen**

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*